



REFERAT FRÅ MØTE I STYRINGSGRUPPA – NASJONALT VELFERDSTEKNOLOGIPROGRAM 08.06.2018

Stad: Møterommet Bergen HVL, M6- 639 Møllendalsveien 6,6etg
Tid: kl. 13.00-15.00.

Helga Ellingsen, Grete Herøy, Olav Mongstad, Ove Sæbø, Ingebjørg Søreide, Kristin Ruud Myking og Anne Hildegunn Færøy.
Elin Eikemo frå arbeidsgruppa anskaffing og Anita L. Sævilid som referent.

Representantar frå Lindås, Meland, Vaksdal og Fedje var ikkje til stades

Sak 12/18: Gjennomgang av referat frå møte 09.03 og informasjon frå møte 20.04
Tatt til etterretning.

Sak 13/18: Status og gjennomgang av aktivitet

Informasjon og kompetanse:

- Lokale arbeidsseminar, runde 1 er fullført. Runde 2 er i gang. Held på å utreie interesse for ein runde 3 til hausten.
- Fyrste runde i velferdsteknologiens ABC er ferdig. Nesten 200 tilsette fullførte denne Andre runde er starta opp med ca. 240 påmeldte. Tredje samling av totalt 5 samlingar skal avhaldas i neste veke.
- Det er gjennomført 5 samlingar med PA – consulting knytt til prosessvegledning. Blir ikkje fleire samlingar i år.
- Det har vore ressursgruppemøte 1 gong pr. mnd. som er arrangert av prosjektmedarbeidarane.
- Prosjektgruppa har vore på samlingar for Velferdsteknologiprogrammet
- Arbeidsgruppa for anskaffing har gjennomført kura i balansert anskaffing gjennom dialog i Stavanger. Har hatt svært god nytte av dette kurset, og det har vore nyttig å vera ei tverrfagleg gruppe som har arbeida saman.
- Har hatt mange oppdrag knytt til speiing av kunnskap ved prosjektleiar på ulike konferansar og delteke på workshops i andre kommunar.
- Arbeidsgruppa har utarbeida ein handlingsplan for opplæring og kompetanse som er lagt ut på heimesida til prosjektet
- Prosjektgruppa har fast møte fyrste onsdag i mnd. Der går ein gjennom milepæler og framdrift. Prosjektet er i rute etter prosjektplan, som nyleg er justert
- Arbeidsgruppa har fast arbeidsmøte kvar onsdag. På desse møta planlegg ein og fordeler oppgåver.

Sak 14/18: Framdrift anskaffingsprosessen

Arbeidsgruppa for anskaffinga har vore tverrfagleg. Det er utarbeida ein eigen plan for gjennomføring av anskaffinga. Gruppa har hatt faste møter for planlegging, drøfting og gjennomgang av dokument. Det er blitt utarbeida konkurransegrunnlag, avtaleutkast med diverse vedlegg basert på kommunane sine behov og nasjonale anbefalingar.

Framdriftplan:

AKTIVITET	DATO
Kunngjøring i Doffin/TED	11.05.2018
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunnlaget	22.06.2018 kl. 12:00
Tilbudsfrist	21.08.2018 kl. 12:00
Tilbudsåpning	21.08.2018 kl. 13:00
Tilbudsevaluering	Uke 34 (2018) – 37 (2018)
Forhandlinger	Uke 38 – uke 40
Avklaringer/referansegrupper etc.	Uke 41- uke 43
Kontraktstildeling	31.10.2018
Karensperiode	15.11.2018
Kontraktsignering	23.11.2018
Vedståelsesfrist	31.12.2018

Kunngjøringa i Doffin var ferdig med alle vedlegga 14.05.18. Dette er ein heilskapleg prosess der ein må ta med seg alt frå arbeidet fram mot kunngjøring og det som skal skje etter ein kontraktsignering.

HAUSTEN 2018

Hausten 2018 skal ein jobbe med oppfølging av tilbod fram mot kontrakt. Samstundes må ein danne grunnlaget for implementering av utstyr i 2019 – 2020.

Ein må ha felles prosess med opplæring/utarbeiding av prosedyrar, beredskapsplanar, ROS analyse i forhold til velferdsteknologi. Innkalling til desse samlingane skal sendes til kommunalsjefar og dei avgjer kven som skal sendas på desse samlingane.

Handlingsplan for opplæring og kompetanse er eit verktøy for vegen vidare.

Utifrå tilbod som kjem inn må ein ta ei avgjer knytt til alternative løysingar og muligheiter for responsentenester, eksternt, lokal eller delt. Styringsgruppa ynskjer å bli involvert når det gjeld vurderingar i høve responscenter, fordi det har økonomiske konsekvensar.

Det blir lagt opp til felles prosess for kommunane med utarbeiding av implementeringsplan der ein må ta omsyn til roller, ansvar, prioritering av kva skal implementerast og når, opplæring av tilsett jf. Opplæringsprogram.

Sak 15/18: Framdrift/implementeringsplan Lindås, Radøy og Meland

Det skal utarbeidast ein detaljert framdriftsplan 15.06. GPS og medisindispenser skal ut fyrst.

Sak 16/18: Tilskot 2018

Har fått same tilskot som i fjor.



Sak 17/18: Førespurnad om samarbeid med KS og Røde Kors om prosjekt i Bulgaria

Prosjektet skal starte våren 2019 og skal vare i 4 år. Austrheim, Masfjorden, Vaksdal melder seg interessert. Osterøy og Alver kommunane har ikkje kapasitet til dette i dag. Avgjort at ein kan vera med på dette prosjektet med Masfjorden kommune som kontaktkommune. Helga blir kontaktperson

Sak 18/18: Retningslinjer/økonomisk godtgjersle brukarmedverknad systemnivå

Er lagt ved eksempel frå Helse Bergen . Me støtter oss på denne og gjev godtgjersle etter dei same retningslinjene.

Sak 19/18: Konferanse 06.11.2018

- Prosjektleiing held på med agenda og programmet blir sendt ut når det er ferdig. Målgruppa er kommunepolitikarar, Eldreråd, Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, administrasjon, leiarar, hovudtillitsvalde/tillitsvalde, verneombod, representantar frå lag og organisasjonar/brukarrepresentantar

Sak 20/18: Løypemelding frå forskar Roar Hansen

Utsett til neste møte.

Referent

Anita L. Sævild